



Trio frå Pennsylvania som kjende seg att...

Så er turistsesongen opna også her i bygda, av ei gruppe frå Pennsylvania på slektstur. Som så mange amerikanarar var dei på søkjing etter røtene sine og fann dei på Fjelberg, utan at dei var nøgde med det. Dei 9 turdeltakarane er ute på ein omfattande rundtur i buss med sjåfør og innleigd guide frå Norwegian Adventures i Bergen. Men på farten i dag var det berre 3.

- Det er døtrene våre som spanderer denne turen på oss fordi vi aldri har vitja Norway, fortalde Keith og Lois Mitchell. Den tredje i selskapet i dag var Nancy Dyrnes, systera til Keith.

Dei bur på Fjordhotellet og i dag sto Uskedalen på køyreplanen. Reiseleiar Torleiv Skage engasjerte naturleg nok Kristian Kringedal, som på sparket guida trioen innom den gamle Hauglandskulen og også serverte song og spel slik han plar gjera.

Gruppa sette stor pris på innslaget
- ikkje minst fordi også dei hadde gått på ein slik skule..
Men i morgon går ferda vidare, på amerikansk vis....

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen